

Til alle støttespelarar.

Rv 52 Hemsedalsfjellet.

1. september i år la Statens Vegvesen fram »KVU for Rv 7 og Rv 52 Gol- Voss«. Den stadfesta tidlegare rapport frå januar 2015 , der Statens Vegvesen konkluderte med at Rv 52 Hemsedalsfjellet bør veljast som den nordlege hovudvegen aust – vest, i tillegg til E 134 Haukeli som er valt som den sørlege. Vegvesenet sine tilrådingar er heilt klare , og såleis burde dette vera greitt. Så lett er det nok ikkje.

Endeleg vedtak blir gjort i samband med handsaming av NTP våren 2017. Fram til då er det fleire steg på vegen. Det er no høyring på KVU` en , der høyringsfristen er 15. desember. Så vil departementet koma med si tilråding utpå vinteren ein gong, før Stortinget tek saka fram mot vedtak. Det er såleis mykje arbeid som må gjerast for å sikre at det faglege rådet frå Statens Vegvesen blir det politiske vedtaket til våren.

Høyringane som har vore på «Utredning om forbindelser mellom Østlandet og Vestlandet « som kom i januar 2015 har stort sett vore sterk støtte for Hemsedalsfjellet. Me har stor støtte frå tunge aktørar som NHO , Lo og Lastebileigarforbundet for å nemne nokre. Me er kjende med at Rv 7 og Hardangevidda mobiliserar tungt med sterke aktørar frå næringslivet i Bergen og Hardanger i ryggen. Me lyt også vera på for å få gjennomslag i det politiske miljøet fram mot vedtak.

Det skal veljast ein hovudveg mellom Austlandet og Vestlandet. Det er mykje meir enn berre mellom Oslo og Bergen. Rv 52 vil få berre 10 minutt lenger køyretid til Bergen enn ein utbygd Rv 7 , men den vil vera 3 mrd billigare å bygge og famne om heile vestlandet nord for Bergen. Dette er budskapet me må få fram. Me treng profesjonell hjelp til dette arbeidet , og det må me leige inn. Me legg opp til å ha eit budsjett på ein stad rundt 300.000 kr .

Me ber om slik støtte frå dykk som er med i dette samarbeidet.

Næringslivsmedlemmer   kr 10.000

Kommunar                   kr 20.000

Sogn og Fjordane fk       kr 80.000

Hemsedal kommune er vertskap for IS Rv 52 / Rv 5. Me ber om at omsøkt støtte blir betalt til

Hemsedal kommune kont 2367.20.14964 og merka med 17500.4000.2901

**Søker med dette om støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr 80.000,-.**

Vonar og på snarleg svar slik at me kan setja i gang med det viktige arbeidet.

Helsing Oddvar Grøthe – leiar i arbeidsgruppa.